

Kyrkjegardsvedtekter for Ål:

Vedteke i kyrkjeleg fellestråd 28. april 2007.

I medhald av Gravferdslova av 1997 er Ål kyrkjelege fellestråd (Fellestrådet) ansvarleg for drift og vedlikehald av kyrkjegardane i Ål.

§1. Kyrkjegardstilhøyring

Alle som har heimstadrett i kommunen har rett på fri gravplass, med mindre det vert nytta festa grav. Kyrkjegard kan veljast fritt innan kommunen.

Jfr. Gravferdslova § 6 kan andre få gravplass etter særskild løyve frå fellestrådet og mot å betala kostnadene med gravlegging. For desse blir det kravd festeavgift også i fredingstida.

§2. Fredingstid og festetid

Ei grav er freda i 20 år etter gravlegging. For felt K og L på Torpo kyrkjegard er fredingstida 30 år. Når fredingstida er ute, er det høve til å feste grava. Når det har gjenge 40 år frå siste gravlegging kan fellestrådet fornye festet etter skriftleg søknad. 80 år etter siste gravlegging går grava ut. Om born, foreldre eller sysken framleis lever, kan ein likevel søkje om forlenging av festet i ein kortare periode.

§3. Feste av grav

Det vert ført protokoll med namn og adresse for festar av grav. Festaren pliktar å melde adresseendring. Når fredingstida for ei grav går ut vert ho ikkje teken i bruk att før festar har fått melding, eller fått høve til å feste grava om att jfr §4. Frist for fornying av grava er 2 månader etter utsendt varsel. Normal festetid er ~~20 år~~ 10 år.

I samband med gravferd kan det førehandsfestast ei grav saman med grava som er teken i bruk. I særskilte høve kan det festast to graver.

Gravlegging i festa grav skjer med samtykke frå festaren. Om ikkje slikt samtykke kan skaffast, avgjer fellestrådet saka. Når festaren døyr, må arvingane bli samde om kven som skal

overta festeretten og gje fellestrådet melding om dette.

§4. Gravminne

Gravminne skal godkjennast av kyrkjeverja før det kan setjast opp. Kyrkjeverja tilviser plass og har tilsyn med montering av gravminnet.

Til gravminne skal brukast material som er varig og krev lite vedlikehald. Sement eller annan kunststein må ikkje nyttast. Det er ikkje høve til å nytte fast dekor på gravminnet eller i plantefeltet. Lause dekorgjenstandar i plantefeltet skal fjernast etter bruk.

Etter at melding er gjett kan gravminnet fjernast når fredings eller festetida på ei grav er ute. Fjerning og destruering av gravminne blir gjort av kyrkjegardspersonalet med mindre dei pårørande sjølve ynskjer å fjerne det.

Ved bruk av lys på grava må ein ta omsyn til brannfare.

§5. Plantefelt

Plantefelt kan etablerast på framsida av gravminnet, og ikkje gå lengre fram enn 60 cm frå bakkant. Det kan ikkje plantast blomar eller busker som rekk høgare, eller strekkjer seg ut på sida av gravminnet.

Innramming av plantefelt kan gjerast i høgd med grasbakken med ein delt steinkant / plate.

Plantefelt som ikkje blir stelt kan såast til.

§6. Gravlegat

Det er høve til å opprette gravlegat for stell av grav og gravminne. Kyrkjeverja forvaltar legatet som ikkje varar lengre enn feste / fredingstida for grava. Om legatet vert brukt opp før avslutta avtaleperiode, vil gravstellet ikkje halde fram utan at legatkapitalen vert auka.

Gravlegata vert forvalta felles, men for kvart legat skal det først eige rekneskap som vert revidert årleg.

Det er høve til å rekne provisjon for administrasjon og revisjon av

- legatmidlane. Kyrkjeverja kan også nytte legatmidlar til innkjøp av permanente vatningskasser. Er det midlar att ved avslutning av legatet, disponerer fellestrådet desse.
- §7. Vern av gravfelt på felt A ved Ål kyrkjegard og felt A,B,C,D,E (rundt stavkyrkja) ved Torpo kyrkjegard
- 7.1 *Definisjon av verna gravfelt.*
Særskilt vern av gravfelt blir bestemt ved vedtak i fellestrådet.
- 7.2 *Underretning om vern av gravfelt.*
Kvar einskild festar som blir berørt av vedtak om vern av gravfelt blir gjort kjend med dette.
- 7.3 *Gravlegging*
Gravfeltet kan framleis brukast til nedsetjing av kiste og urne. Gravnr. D 02.01 – 010 og D 01.015 – 017 på Torpo kyrkjegard kan berre brukast som urnegraver.
- 7.4 *Gravminne*
Det kan setjast opp nye gravminne på verna felt. Nye gravminne lyt vera i samsvar med feltet sin eigenart.
- 7.5 *Feste*
Feste av grav på verna felt går ut 80 år etter siste gravlegging. Etter avtale med tidlegare festar kan gravminnet inntil vidare bli ståande på sin opphavelige plass. Ved behov kan fellestrådet nytte grava. Gravminnet kan enten brukast opp att, -flyttast, eller destruerast.
- §8. Vern av graver med særskilt bevaringsstatus
- 8.1 *Definisjon av bevaringsverdig grav:*
Bevaringsverdig grav blir bestemt ved vedtak i fellestrådet.
- 8.2 *Underretning om bevaringsverdig grav*
Det blir skrive kontrakt med kvar einskild festar som blir berørt av vedtak om bevaring.
- 8.3 *Gravlegging i bevaringsverdig grav*
Bevaringsverdig grav kan framleis brukast til nedsetjing av kiste og urne under fylgjande føresetnader:
- At gravstaden har registrert festar, og festeavgift er betalt.
- At gravutstyret ikkje blir flytta, endra, eller erstatta av nytt materiell.
- 8.4 *Namnetilføyingar*
Namnetilføyingar på bevaringsverdig gravminne kan gjerast på skriftflata, eller på baksida av gravminnet. Om det ikkje er mogeleg å legge til fleire namn og data, kan det monterast ei liggjande namneplate av same materiale og med same overflatebehandling som gravminnet på den aktuelle gravstaden. Storleik og plassering skal i kvart einskilt tilfelle godkjennast av fellestrådet ved kyrkjeverja.
- 8.5 *Vedlikehald av gravminnet*
For bevaringsverdige graver syrgjer festar for vedlikehald av gravminnet. For slike graver utan festar overtek fellestrådet ansvaret for vedlikehald så langt økonomien gjev høve til det.
- 8.6 *Feste*
Feste av bevaringsverdig grav går ut 80 år etter siste gravlegging. Etter avtale med tidlegare festar kan gravminnet inntil vidare bli ståande på sin opphavelige plass. Ved behov kan fellestrådet nytte grava. Gravminnet kan enten brukast opp att, eller flyttast.